



*”Den kulturelle
nistepakken”*

Revidert mai 2006

Sentrale føringar

Hausten 2002 gjekk startskotet for Den kulturelle skulesekken (DKS) i Kvinnherad kommune. I samarbeid med fylkeskommunen var Kvinnherad ein av dei første kommunane i Hordaland til å ta fatt på dette arbeidet.


«Den kulturelle skulesekken er ei viktig kulturpolitisk satsing, som har som sitt fremste mål å gje born i grunnskulen ein kulturell kapital og ein kulturell kompetanse», jamf. St.m. 38, 2.1 Innleiing. I Kvinnherad er DKS utvida til også å omfatta barnehagane, og heiter difor Den kulturelle nistepakken.

Etter ein innføringsperiode vart Nistepakken revidert våren 2006. Målsetjinga til planen frå 2002 var å gje alle born i barnehage og skule ei brei kulturell læring med fokus på lokalhistorie og lokalkunnskap i tillegg til kunnskap, refleksjon og opplevingar knytt til ulike kunstnarlege uttrykksformer. Mykje av dette er ført vidare i 2006-utgåva, men samfunnsfaglege og miljørelaterte tema er tekne bort då spissing har stått sentralt i revideringsarbeidet.

Den nye planen tek utgangspunkt i innhaldsmomenta nedteikna i Stortingsmelding nr. 38:

- **musikk**
- **visuell kunst**
- **scenekunst**
- **litteratur/ bibliotek**
- **kulturarv/ kulturminne**
- **film**

Henriette Rørdal (9 år)



Framsida: "Samspel" Lysskulptur på Husnes

Kommunale føringar

Kvinnherad er ein kommune med mange små og store skular/ barnehagar og store geografiske avstandar. Ulike føresetnader tilseier at verksemdene må ha høve til å gjera ting på sin måte. Det må difor vera stor fleksibilitet i planen. Planen er såleis delt inn i steg i staden for klassetrinn.

2006-utgåva er ein bindande plan for Nistepakken, brukarar og aktørar. Planen er ein minimumsplan, og partane har lov til å forventa at tiltaka vert gjennomført etter planen.

Nistepakken ønskjer også å innleia samarbeid med Kvinnherad kulturskule, Kvinnherad vidaregåande skule og Sunnhordland folkehøgskule. Saman kan ein lettare hente inn kulturtilbod og kulturkrefter i tillegg til å nytta seg av kvarandre sin kompetanse og tenester.

Dei to neste sidene viser innhaldet i planen på dei ulike stega og ymse samarbeidspartnarar.



Frå musikalen Oliver! Foto: Kvinnheringen

Innhold i planen

	Barnehagen	Småskulesteget (1 - 4 klasse)	Mellomsteget (5 - 7 klasse)	Ungdomssteget (8 - 10 klasse)	Aktuelle samarbeids- partnærar
Musikk	Årleg kulturskule- framsyning med musikk og dans	Rikskonsertane	Rikskonsertane	Rikskonsertane	Kulturskulen
Visuell kunst		Samtidskunst og design: Utstillingar lokalt	Samtidskunst og design: Utstillingar lokalt	Arkitektur: Stønad til tilbod i eige fylke, kan kombinerast med andre kultur- opplevingar	Kvinnherad vidaregåande skule, Sunnhordland folkehøg- skule, Kulturskulen, lokale galleri, kulturverk- staden Guddalshuset
Scenekunst	Teaterframsyning lokalt	Teater/danse- framsyning lokalt	Teater/danse- framsyning lokalt	Stønad til forestilling på ein institusjons- scene i eige fylke	Sunnhordland folkehøgskule, Kulturskulen, Hordaland Teater, Scenekunstbruk i Shl. m. fl.
Litteratur/ bibliotek	Bokbussen som kultur- arena, Bokbamsen	Første møte med biblioteket	Biblioteket	Forfattarbesøk	Biblioteket
Kulturarv/ kulturminne	Tur til lokale kulturarenaer. Det er opp til kvar verksemd å nytta seg av dei ulike tilboda i kommunen/ distriktet. Målet er å få kjennskap til heile kommunen innan utgangen av grunnskulen. Det er naturleg for dei minste borna å starta i nærmiljøet, for så å reisa rundt i kommunen/ distriktet etter som dei vert eldre.				Halsnøy kloster, Baroniet, Mostraspelet, Sunnhordland museum, Skaalurensamlinga, Bygdetunet Rød, Haugland skule- museum, Kirkhustunet, kyrkjene, andre lokale samlingar
Film/ video/ animasjon	Filmframsyning				Kulturhuset Husnes Rosendal samfunnshus Halsnøy samfunnshus

For utfyllande informasjon og forslag til pedagogiske opplegg: Sjå 2002-planen

Korleis nytta Nistepakken

Nistepakken kan delast inn i tre bruksarenaer:

- 1. Turnètilbod.** Desse «pakkeløysingane» vert administrert anten frå fylket, regionalt eller kommunalt. Det aktuelle tilbudet varierer frå år til år. Tilboda bør vera utfyllande i høve til sjangrar som ikkje er lokaliserte i regionen.
- 2. Lokale kulturinstitusjonar.** Dette er permanente tilbod i kommunen eller regionen, der verksemdene sjølve tek kontakt og avtalar tid og opplegg. Når opplegget er gjennomført og dokumentert, vert kostnadene dekkja etter avtale med Nistepakken.
- 3. Pengestønad til eigenproduksjon.** Her kan den einskilde verksemda søkja Nistepakken om pengestønad. Produksjonen skal ta utgangspunkt i eitt eller fleire tema i planen og kan gå på tvers av klassar/steg. Kriteria for slik stønad er:
 - relevans med tanke på plan.
 - profesjonalitet, det vil seia at utøvarar som vert leigt inn i samband med produksjonen må ha formell eller reell kompetanse som verksemda ikkje har sjølv.
 - aktivitetar relaterte til born og unge og kompetansehevingskurs for lærarar.

Emilie Kaldestad Sund (10 år)



Økonomi

Nistepakken vert tildelt både fylkeskommunale og kommunale midlar. Desse vert brukt til tilbod, skyss av born og administrasjon.

Turnètilbod frå Nistepakken er i utgangspunktet inkludert skyss. Ved vitjing av lokale kulturinstitusjonar vil ein prioritera oppleving, til dømes inngangsbillett, før skyss. Nistepakken er likevel open for å vera med og dekkja skysskostnader i særlege høve.



Frå musikalen OLIVER!

Foto: Kvinnheringen

Kulturtorg

Nistepakken har som mål å arrangera eit årleg «kulturtorg» der kulturkontaktar, administrasjon og representantar frå aktuelle kulturinstitusjonar kan møtast. Dette skal vera ein stad for

- utveksling av informasjon, kunnskap og erfaring
- etablering av kontaktar, inspirasjon og planlegging av komande skuleår

Nettportalen

Nettportalen <http://www.dks-hordaland.no> i regi av Hordaland DKS, er ein nettstad med aktuell informasjon om Nistepakken. Her ligg informasjon om

- skular og barnehagar i regionen
- kommunale planar og ressursar
- leverandørar og aktørar
- turnear



Målet er ein oppdatert nettstad og ein ressursbank både for verksemder som vil kjøpa tilbod og aktørar som vil selja opplegg. Her finn ein også evalueringsskjema.

Søknadsadresse:

**Den kulturelle nistepakken
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL**

tlf. 53483196

post@kvinnherad.kommune.no